


Lars Korvald



Karoline Fosse



Sverre F. Hjørnevik

REISELIVSSTRATEGI FOR VOSS 2023–27

Utarbeidd av Visit Voss og Voss reiselivsråd i samarbeid med Voss herad



Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Bakgrunn	4
3. Status.....	5
3.1 Innbyggjarundersøking 2022	5
4. Makrotrendar som påverkar reiselivet på Voss	7
5. Berekraft, natur og klima	8
6. Rammer og premissar for arbeidet.....	10
7. Slagord, oppdrag og overordna mål.....	12
7.1 Slagord (kundeløfte)	12
7.2 Oppdrag.....	12
7.3 Overordna mål	12
8. Styringspyramide	13
9. Strategi	14
9.1 Strategiske mål.....	14
9.2 Prosjekt over fleire år.....	15
10. Oppfylging.....	16
Vedlegg	17
Marknadsmiks	17



Samandrag

Reiselivsstrategi for Voss (2023–27) skildrar oppdrag, overordna og strategiske mål.

Voss har ei lang historie innan reiseliv, med drivande, synlege og dyktige entusiastar som har vore trekkplaster og som har gått føre for å gjera Voss til ein attraktiv stad. Det har fått gode ringverknader for mange små og store reiselivsaktørar som i fellesskap har sett bygda på kartet.

Voss har storslegen natur som inviterer til gode og sterke opplevingar heile året. Å sikra eit verneverdig natur- og kulturmiljø i heradet vil vera viktig for ny nærings- og reiselivsutvikling, for å oppretthalda ei levande landbruksbygd og for allmenn folkehelse og livskvalitet.

Slagordet «Voss – bygd for sterke opplevingar» skal vidareførast også i åra som kjem.

Med *Reiselivsstrategi for Voss* stakar Voss reiselivsråd og Voss herad ut ei felles plattform for vidareutvikling av Voss som berekraftig reisemål. Med utgangspunkt i gjennomført innbyggjarundersøking og relevante kommunale planar skal bygda i fellesskap arbeida for at Voss skal vera ein ansvarleg og internasjonal leiande grøn destinasjon for heilårleg baseturisme. I komande strategiperiode skal me satsa på å få betalingsvillige og etisk bevisste gjestar til bygda. Gjestane skal primært koma frå Europa, dei skal jakta på ekte og autentiske opplevingar, dei skal verta verande lenger, dei skal leggja att verdiar, og dei skal koma attende.

Til hjelp i arbeidet er det fastlagt fem overordna mål, 25 strategiske mål, i tillegg til seks ulike prosjekt og satsingar som går over fleire år i perioden 2023–27.

Reiselivsstrategi for Voss er utarbeidd som vedlegg til *SNU Voss; Voss herad sin plan for strategisk næringsutvikling (2023–2030)*. Visit Voss skal laga årlege handlingsplanar til reiselivsstrategien.





1. Innleiing



BEREKRAFTIG
REISEMÅL

Voss vart i juni 2021 sertifisert som «Berekraftig reisemål» gjennom merkeordninga til Innovasjon Norge. Det vert særst viktige i komande strategiperiode å halda fram dette arbeidet.

For å få ein meir robust organisasjon innan reiseliv og næringsutvikling i Voss herad, fusjonerte Destinasjon Voss AS og Næringsshagen på Voss AS i januar 2021. I 2022 vart også Næringsshagen i Hardanger fusjonert inn i dette selskapet, som no heiter Hardanger og Voss Næringshage AS. Reiselivsarbeidet på Voss er no organisert som ei eiga avdeling i dette selskapet, og avdelinga heiter Visit Voss.¹

Under prosessen med reiselivsstrategien avgjorde styringsgruppa i Visit Voss at dei framover vil kalla seg Voss reiselivråd. Voss reiselivråd vil fungera som eit bindeledd mellom heradet/offentlege instansar og aktørar i reiselivet.

2. Bakgrunn

Voss har ei lang historie innan reiseliv, med drivande, synlege og dyktige entusiastar som har vore trekkplaster, og som har gått føre for å gjera Voss til ein attraktiv stad. Det har fått positive ringverknader for mange små og store reiselivsaktørar som i fellesskap har sett bygda på kartet. Festivalbygda Voss og skibygda Voss er godt kjende namn som er viktige for merkevara og den lokale identiteten, og som er noko Voss må halda fram med å satsa på.

Etter krevjande tider og endra krav i reiselivsmarknaden ynskjer Voss å ta fleire løft og satsingar for komande strategiperiode. Tida er no inne for at næringa, Voss herad og lokalsamfunnet saman tek eit heilskapleg grep om den vidare destinasjonsutviklinga. Me satsar vidare på baseturisme som ei heilårssatsing, med aktive og kulturelle opplevingar som ivaretek naturen. Det er meningsfylt, og det kan gje både kvile og unike opplevingar i ein venleg ogusiastisk atmosfære. Aktørane skal ynskja å stå samla for å sikra omdøme og kvalitet i leveransane sine. I denne samanhengen vert det også viktig med eit auka samarbeid mellom landbruk og reiseliv, for å ta vare på lokal kultur, natur og levemåte.

Reiselivssatsinga til Voss skal ha nógde innbyggjarar og berekraftig lokalsamfunn som retning på arbeidet. Baseturismen vil vera den store satsinga i neste periode. Baseturisme betyr at gjestane bur her lenger og brukar Voss som ein base for opplevingar i hjarta av fjord-Noreg. Lengre opphaldstid per gjest er både økonomisk lønsamt (auka marginar og omsetning) for lokale verksemder, og det gjev mindre CO₂-avtrykk per gjest.

Arbeid for å tryggja fastbuande mot overturisme og verna lokal natur og kultur vil vera førande for framtidig utvikling. Voss herad set no arbeidet med besøksforvaltning på dagsorden i samband med SNU Voss.²

Voss er ei levande bygd med ei lokalbefolkning som i høgste grad er til stades og synlege for tilreisande, noko som er eit konkurransefortrinn samanlikna med andre turistdestinasjonar. Frå juli til oktober 2022 gjennomførte Visit Voss i samarbeid med Voss herad ei innbyggjarundersøking for å finna ut kva innbyggjarane tykkjer om reiselivsaktiviteten i bygda. Undersøkinga syner at den generelle vossingen er positiv til turismen i bygda, og mange tenkjer at bygda gjerne kan ta imot fleire gjestar.

¹ <https://www.visitvoss.no/om-destinasjon-voss>

² SNU Voss – Strategisk næringsutvikling i Voss herad, temaplan 2023–2030



3. Status

Voss hadde i perioden 2009–17 ein reiselivsplan vedteken i Voss kommunestyre. Planen la til grunn eit visjonært vekstmål på tre–fire gonger volumvekst og fem gonger vekst på omsetning innan 2017. Desse måla har me ikkje nådd. I komande strategiperiode har ikkje reiselivet lenger noko uttalt mål om volumvekst, men ved å auka gjennomsnittleg tal overnattingar per gjest vil me auka omsetninga og marginane lokalt. Frå 2007 til koronakrisa i 2020 har både volumet og verdiskapinga vore nokså stabile. Dette er basert på tal for målbar kommersiell overnatting. Privat formidling av overnatting (t.d. AirBnb, finn.no) har auka kraftig, men fell utanfor nasjonal statistikk frå SSB, så det er vanskeleg å finna eit nøyaktig talgrunnlag her.

I den førre reiselivsplanen står det at den viktigaste målgruppa til Voss er dei som søker aktive naturopplevingar, og at reiselivet ynskjer å utvida opphaldstida. Dette er framleis reelt, særleg for å sikra lokal økonomi og berekraft.

Vidare står det at Voss skal tilby eit tilfredsstillande aktivitets- og opplevingstilbod heile året, og at me må jobba med utvikling av gode opplevingstilbod. Frå 2009 har nye aktivitetsverksemder komplementert opplevingstilbodet på Voss både sommar og vinter, samstundes som nye, store fyrstårn som Voss Vind, Scandic Voss og Voss Gondol har kome til.

Eit anna punkt som vert trekt fram i den førre planen som framleis er svært aktuelt, er punktet om Bømoen: «Gjennom arbeidet med reguleringsplan for Bømoen skal reiselivet få avklara sine vilkår». I den komande strategiperioden må reguleringsplanen for Bømoen ferdigstillast. Det må òg lagast eigne mål og strategiar for flyplassen. Bømoen er eit viktig område for fastbuande og tilreisande og vert nytta av fleire aktivitetsleverandørar. For å sikra lokalt reiseliv og ein konkurransedyktig posisjon vil strategiske mål og tiltak i reiselivsstrategien freista å sikra fallskjermaktivitet på Bømoen.

3.1 Innbyggjarundersøking 2022

I *Innbyggjarundersøkinga* om reiseliv, gjennomført juli–oktober 2022, var responsen veldig god, og me fekk heile 1256 svar. Svara kan difor langt på veg seiast å vere representative for innbyggjarane i Voss herad. *Innbyggjarundersøkinga* er ein viktig premis for utarbeidinga av ny reiselivsstrategi for Voss. Du kan lesa heile rapporten frå undersøkinga [her](#).

Undersøkinga viser at 82 % stiller seg generelt positive til reiselivet på Voss. 90 % er einige i at turismen skapar arbeidsplassar, 86 % meiner turismen gjer sentrum meir levande og 83 % meiner turismen styrkar Voss som regionsenter.

På Voss meiner ein av ti at det er for mange turistar i dag, medan fire av ti meiner det er plass til fleire og at me har «for få» turistar. Dei fleste opplever talet på turistar som akkurat passe. Sjølv om turismen i heilskap vert vurdert som passe, kan enkelte område på tider av året verta opplevde som pressområde.

Om sommaren er det fyrst og fremst sentrum og Vangen som vert folksam, både på godt og vondt. Ein del skildrar det som hyggeleg med liv i sentrum, medan ein del av dei negative kommentarane





går på parkeringsutfordringar og irritasjon knytt til manglande infrastruktur for bubilturisme, i tillegg til uheldige camping- og bubilplasseringar i sentrumsområdet. Her er også ekstra mykje folk under Ekstremsportveko, på Voss cup og i Vossabadet på regnfulle dagar. Om vinteren går kommentarane først og fremst på at det er folksamt i Myrkdalen og i heisområda i skiløypene.

i *Innbyggjarundersøkinga* peikar vossingane på nokre område der dei tykkjer turismen til tider er sjenerande. Ordskya under gjev eit inntrykk av for mykje turisme i sentrum. For dei fleste handlar det meir om trafikk og parkeringsutfordringar, kø i matbutikkar og irritasjon over bubilar, enn om at det er for mange menneske.

Nokre område, i tillegg til Vangen, peikar seg ut som stader der vossingane tykkjer det er for mange besøkande:

- Myrkdalen
- Bakkanosi
- Kiellandbu
- Bømoen
- Hangurstoppen
- Raundalen
- Vikafjellet
- Bjørke
- Bavallen
- Stalheim



Figur 2: «Ordsky basert på innspel på spørsmålet: Er det nokon pressområde/stader i Voss herad der du meiner det er for mange besøkande i løpet av året?» (N=474)

3.2. Besøksforvaltning

Både i *Innbyggjarundersøkinga* og i høyringsuttalar vert behovet for besøksforvaltning knytt til ulike geografiske stader og til landbruksnæringa på Voss lyfta svært høgt.

Kva er besøksforvaltning?

Besøksforvaltning er en metodikk for å sikre bærekraftig utvikling innenfor grensene til det natur, landskap, miljø, lokalsamfunn og lokal kultur tåler, samtidig som det gir grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskaping (Innovasjon Norge).

Når ein destinasjon lagar ein plan for besøksforvaltning handlar denne mykje om å styra og kanalisera trafikk. Nokre stader i bygda er det lagt til rette for mykje ferdsel, medan andre stader ynskjer me helst lite turisme. Voss har også villrein som lyt takast omsyn til.

Bondelaga i Voss herad har i høyringsuttalen sin til SNU Voss vore veldig tydelege på at besøksforvaltning må på dagsorden for å minska ulempene turismen medfører for drifta av areal og for arbeidsdagen til bonden. Kulturlandskapet vårt har også ein stor verdi for reiselivet, og det er difor viktig å ha eit aktivt landbruk i heile heradet. Landbruket ynskjer turistar velkomne, men ferdsla må regulerast på eit vis.



4. Makrotrender som påverkar reiselivet på Voss

Koronapandemien har herja med reiselivet verda over, i Ukraina rasar ein brutal krig, og me opplever alle energikrise og klimakrise. Korleis vil alt dette påverke reiselivet på Voss?

Store aktørar som EU ([Transition pathway for tourism](#)) og Innovasjon Norge ([Nasjonal reiselivsstrategi 2030](#)) definerer; «det grønne skiftet», «digitalisering» og «koronapandemien» som megatrender som gjev globale føringar for vidare utvikling av reiselivet. Krigen i Ukraina påverkar reiselivsnæringa globalt, og har mellom anna ført til at flyruter er endra eller stansa. Turistar frå andre verdsdelar tenkjer i større grad no at eit besøk til Europa fører med seg auka risiko.

Det grønne skiftet og klimakrisa: Nasjonale målsetjingar, som kommunane må halda seg til, er ein reduksjon på minimum 55% av klimagassar innan 2030. Voss herad vil ha høgare ambisjonar. *Vossaklima 2030*³ legg opp til direkte kutt i klimagassutsleppa innan 2030 på 69%. Som alle andre bransjar må også reiselivet leggja om kursen og møta det grønne skiftet. Baseturisme og tiltak for å få tilreisande til å nytta tog og andre felles transportløyser, for slik å redusera bruken av privatbilar til Voss, vil vera reiselivet sitt viktigaste miljøtiltak. Nasjonal reiselivsstrategi har eit mål om reduksjon i klimagassutsleppa i det stadbundne reiselivet på 50%, i tillegg til at CO₂-avtrykket frå ein turist sin transport til, frå og i Noreg skal reduserast med 10% årleg.

Nasjonal reiselivsstrategi 2030 (april 2021): «Sterke inntrykk med små avtrykk». Nasjonal reiselivsstrategi peikar ut mål og retningar for reiselivet på eit nasjonalt nivå. Me skal samlast om auka verdiskaping og ringverknadseffektar, gjera gjestane enno meir nøgde, bidra til attraktive lokalsamfunn med fornøgde innbyggjarar, og redusera klimaavtrykket.

For å nå måla, må me prioritera målgrupper. I arbeidet med nasjonal reiselivsstrategi er det gjort eit stort arbeid med utslepps- og verdiskapingsrekneskap for ulike målgrupper og land. Gjester frå nærmarknadar i Europa legg att desidert mest verdiskaping per kg CO₂-utslepp. Nasjonal reiselivsstrategi 2030 vil vera premissgjevande for offentlege instansar si handtering av næringa framover, og er ein strategi som skapar retning lokalt for oss på Voss.


I tillegg til desse trendane er det knytt stor spenning til korleis auken i levekostnader, med høgare pris på forbruksvarer, renteauke og dramatisk auke i energiprisane, vil slå ut. Alt dette vil kunna påverka forbrukarane sine ferieval og reisevanar.

Ei stor global, nasjonal og lokal utfordring for reiselivsnæringa er manglande arbeidskraft. NHO sin situasjonsanalyse blant eigne medlemmar syner at seks av ti bedrifter manglar tilsette (juni 2022). Dette kan få store konsekvensar for drifta og innteningskrafta hjå verksemdene. Bemanninga i reiselivet er framleis påverka av at mange utanlandske arbeidstakarar reiste tilbake til heimlandet då pandemien starta. Mange lokalt tilsette som vart permitterte eller mista jobben under pandemien har gått over i nye næringar og valt å ikkje gå attende til reiselivsnæringa. Framover må næringa, heradet og heile lokalsamfunnet jobba saman for å få nødvendig arbeidskraft til bygda.

³ [Vossaklima 2030](#)

5. Berekraft, natur og klima

Klima- og naturkrisa heng over dei fleste av oss som ei stor, mørk sky. Reiselivet er per i dag diverre ein av dei bransjane som har eit stort negativt CO₂-fotavtrykk. Reiselivet i Noreg står for 3,6% av brutto nasjonalprodukt, samstundes som næringa står for 8,8% av klimagassutsleppa (2019). Dei nasjonale utsleppa gjekk ned med 0,2% per år i perioden 2007–19, medan utsleppa frå reiselivet steig med 3,2% per år i den same perioden. Flytransporten står for 75% av dei direkte utsleppa i reiselivet.⁴



Lokalt på Voss er det vegtrafikken som står for dei største utsleppa. Undersøkingar viser at gjestar frå Europa legg att eit mykje mindre CO₂-avtrykk per brukte krone enn turistar frå oversjøiske marknader.⁵ Fram til flyreiser vert meir miljøvennlege (t.d. gjennom auka bruk av biodrivstoff og elektrifisering) tek reiselivsnæringa på Voss eit bevisst val om at me primært ynskjer gjestar frå Europa (sjå marknadsmiks).

MARKNADSMIKS

I den komande strategiperioden jobbar reiselivet på Voss for å få betalingsvilljuge, etisk bevisste, frekvente og returnerande gjester, primært frå Europa.

Kundane skal jakta på ekte og autentiske opplevingar, dei skal bli lenger, leggja att verdiar og koma attende.

At reiselivet er ein versting innan klimagassutslepp er den desidert største utfordringa reiselivsnæringa står overfor i dag. Reiselivet må ta globalt ansvar, og jobba hardt for å redusera klimagassutsleppa. Måling av CO₂-utsleppa lokalt må setjast i system, spesielt med tanke på turistane som kjem hit, kva verdiar dei legg att og kva utslepp dei står for. Reduksjon i flyreiser er det største og mest effektive tiltaket me kan gjera.

⁴ Sun, Y.-Y., Gössling, S., et al. 2022. Can Norway become a net-zero economy under scenarios of tourism growth? *Journal of Cleaner Production*, in press

⁵ <https://business.visitnorway.com/no/strategi-for-norsk-reiseliv/kunnskapsgrunnlag/markedsutvikling-for-fremtiden/>



Lokalt er det også svært viktig å ta vare på naturen og naturmangfaldet. Rein og urørt natur, krystallklåre elver, ville fossar og stryk, fjell og fjord er den største attraksjonen i regionen vår. Øydelegg me naturen kring oss, er reiselivet på Voss ikkje lenger konkurransedyktig.

Framover vert difor besøksforvaltning viktig. Til dømes må me få gode toalett-tilhøve, me må handtera bos på stader med mykje folk, og me må skjerma sårbare område i naturen for vandreturistar. Det er også viktig at me unngår å marknadsføra område der det ikkje er lagt til rette for besøk.

Naturmangfald og arealbruk

Lokalt er utbygging av urørt natur reiselivet sitt største dilemma. Veksten innan reiselivet på Voss har dei siste åra ført til nedbygging av urørt natur, til dømes gjennom hytteutbygging i Bavallen, i Myrkdalen, i Herresåsen og på Mjølfjell.

Innbyggjarundersøkinga i Voss herad viser også at mange tykkjer det er utfordrande med hytteturisme og hyttefelt som fører til nedbygging av naturen og naturverdiane. Fleire artar står i fare for å døy ut. Voss tek utfordringane i artsmangfaldet på alvor ved å verta ein arealnøytral kommune. Servering av tradisjonsøl med kveik og bruk av matrettar med vossakvann bidreg også til vern av artsmangfaldet.

Når reiselivet er avhengig av den urørte, fantastiske naturen me omgjev oss med for å oppretthalda konkurransekrafta, vert dette eit vanskeleg dilemma. Reiselivsnæringa lokalt ser den negative påverknaden næringa representerer for den urørte naturen, og ho ynskjer at all utvikling skal skje på areal som alt er regulerte til dette føremålet (ref. Vossaklima 2030).

I tillegg må me gå gjennom gamle planar neste gong arealplanen vert rullert. Slik kan me sikra at me ikkje planlegg hytteutbygging i verdifull natur, i område med rike karbonlager som er viktige for artsmangfaldet eller i område med særleg verdi for innbyggjarane og turistane sine naturopplevingar.





6. Rammer og premisser for arbeidet

Reiselivsstrategi for Voss er utarbeidd som vedlegg til Voss herad sin temaplan [SNU Voss – strategisk næringsutvikling i Voss herad](#).

FN sine berekraftsmål

Reiselivsstrategien er tufta på FN sine berekraftsmål, til liks med alt planarbeidet i Voss herad. Me nyttar same forståinga og fokuset som Innovasjon Norge når det gjeld å løfta fram dei måla som er særleg viktige for reiselivet (sjå modell under).



Figur 3: Innovasjon Norges ti prinsipp for berekraftig reiseliv

I tillegg er det heilt grunnleggjande at det i arbeidet med å realisera reiselivsstrategien vert lagt vekt på samarbeid.

Eit tett, tillitsbasert og godt samarbeid med alle relevante aktørar, både innanfor og på tvers av kommunegrensene og næringsbransjane, er heilt naudsynt.





Vossaklima 2030

Reiselivsnæringa må også bidra til å nå måla i Vossklima 2030. Her er det løfta fram nokre punkt som er spesielt aktuelle for reiselivsnæringa. Planen er delt inn i tre plantema, med mange satsingsområde som reiselivet bør kjenna til.

Vossaklima 2030 byggjer på desse tre plantemaa:

- ❖ Voss som pådrivar for nullutslepp
- ❖ Klimatilpassing
- ❖ Grøn omstilling

Voss som pådrivar for nullutslepp

Voss skal bli eit lågutsleppssamfunn gjennom mellom anna å gå frå fossilt til utsleppsfritt herad, og ved å snu transporthierarkiet. Dette må også reiselivsnæringa prioritera. Me har som mål at alle maskinparkane som høyrer til reiselivsnæringa blir utsleppsfrie innan 2027. Turistar bidreg til utslepp både på reisa til Voss og i heradet. Transporten til Voss bør vera med tog, og transporten til og frå aktivitetar bør vera utsleppsfrie. Landbruket i Voss herad skal stimulerast til vidareutvikling av frukt- og grøntproduksjon. For at dette skal skje, er det viktig at næringslivet handlar lokalmat. Reiselivsnæringa må spesielt auka fokuset på lokalmat innan servering.

Klimatilpassing

Vestlandet er den landsdelen som er mest råka av ekstremvêr. På Voss må me tilpassa oss eit klima i endring. Dette skal mellom anna gjerast ved å utarbeida ein strategi for klimatilpassing i Voss herad. Reiselivsnæringa på Voss er bygd på naturbaserte opplevingar. Reiselivsnæringa bør difor vera ein god støttespelar i dette arbeidet, og ho bør generelt ha fokus på å forvalta og formidla kunnskap om klimaendringar.

Grøn omstilling

Eitt overordna mål er at Voss og Hardanger skal bli eit grønt reisemål i framtida. Eitt av tiltaka er at me skal arbeida med å vidareføra sertifiseringsordninga «Berekraftig reisemål», som er forankra i reiselivsstrategien. Andre tiltak er fokus på klimavenleg mat og mindre matsvinn, og at Voss herad skal miljøsertifisera kommunale verksemder.

Grøn omstilling krev mellom anna auka satsing på kollektivtransport og fossilfri transport. Ein må arbeida for eit betre rutetilbod og billigare billetter på tog og buss, og for betre tilgjenge for syklistar og gåande, med fleire gang- og sykkelstiar mellom grendene, til turistattraksjonar og i sentrumsområdet.





7. Slagord, oppdrag og overordna mål

7.1 Slagord (kundeløfte)

Voss – bygd for sterke opplevingar

7.2 Oppdrag

Voss skal vera ein ansvarleg, og internasjonal leiande grøn destinasjon for heilårleg baseturisme.

7.3 Overordna mål

- ❖ Me skal auka gjennomsnittleg tal på overnattingsdøgn per gjest til over landssnittet innan 2027.
- ❖ Me skal auka marginar lokalt og verdiskaping per gjest utan ein ekspansiv vekst i volumet på gjester.
- ❖ Me skal måla reiselivet sitt CO₂-fotavtrykk på Voss og redusera dette i tråd med måla i Vossaklima 2030 (69%).
- ❖ Me skal ha innbyggjarar som er nøgde med reiselivsaktiviteten i bygda.
- ❖ Me skal løfta fram kulturbygda, ekstremsportbygda og skibygd som våre fremste fortrinn.



Foto: Voss fallskjermklubb



8. Styringspyramide

Oversikt over retning, rammer og hovudstrategiar:



9. Strategi

9.1 Strategiske mål

Dei strategiske måla er delte inn i hovudkategoriane økonomi, natur og samfunn.

ØKONOMI



- Auka tal gjestedøgn til bygda i skuldersedesongen med 20% (april, mai, sept-nov)
- Mål om minimum to overnattingsdøgn (eller meir) per gjest
- Auka gruppe- og bedriftsbesøk (MICE) til bygda med 25%
- Styrka enkeltaktørane i digitalt sal og behalda marginane lokalt
- Auka kryssal mellom lokale leverandørar, særleg retta mot MICE
- Synleggjera breidda av aktivitetar og tilbod på Voss betre for individuelle reisande
- Auke talet på tilgjengelege naturopplevingar (produkt) heile året
- Auka talet på produkt og marginar innan kultur-, mat- og drikkeopplevingar
- Auka talet på serveringsbedrifter som har min 25% lokalmat og drikke

NATUR



- Gå frå fossil til utsleppsfri transport innan 2027 (aktivitetsbedrifter og andre som transporterar gjester).
- Mål om at maskinparker tilhøyrande reiselivsnæringa på Voss vert utsleppsfri innan 2030 (tråkkemaskinar, fallskjermfly, båt, brøytebilar)
- Auka bruk av tog som transportmiddel til Voss (minska fly og biltrafikk)
- Auka handel av lokalmat og drikke og klimavenleg mat og forminska matsvinn
- Vidareføra sertifiseringsordninga «Berekraftig reisemål», Voss skal innfri [versjon 3.0](#) av kriteria for «Berekraftig reisemål»
- Få 5 nye enkeltbedrifter miljøfyrtårnsertifisert eller svanemerka per år
- Kartleggja og kommunisera CO2 fotavtrykk på destinasjonsnivå
- Få alle reiselivsbedrifter til å levera klimarekneskap innan 2025
- Utvikla strategi for besøksforvaltning i Voss herad, som tek omsyn til sårbar natur og pressområder, ivaretek naturmangfald og unngår nedbygging av urørt natur

SAMFUNN



- Styrka posisjonen som internasjonal ekstremsporthovudstad, ski- og vintersportsbygda og kulturbygda Voss
- Årleg, få større kultur- og idrettsarrangement til bygda
- Sikra arbeidskraft og rekruttering til reiselivsnæringa, Voss må vera attraktiv som tilflyttingsstad og arbeidsstad.
- Leggja til rette for fleire lågterskel sentrumsaktivitetar i og etter opningstid, skapa trivsel for tilreisande og fastbuande.
- Auka fokus på innbyggjarane: Ein god stad å bu er ein god stad å besøka
- Gjennomføra innbyggjarundersøking kvart andre år.
- Få på plass permanent løysing for sentrumsnær bubilparkering
- Styrka samarbeidet mellom landbruket og reiselivsnæringa og etablera felles utviklingsprosjekt.



9.2 Prosjekt over fleire år

9.2.1. *Hjarta av Fjord-Noreg*

For å styrka attraksjonskrafta til Voss og sikra baseturisme ynskjer me å vidareutvikla prosjektidéen «*Hjarta av Fjord-Noreg*» saman med relevante aktørar. Me vil etablera samarbeid med relevante samarbeidspartar (Visit Voss, Visit Hardangerfjord, Visit Sognefjord og kommunane).



9.2.2. *Kunnskap og talgrunnlag i samhandling med heradet*

Bygga kunnskap og etablera eigen «undersøkingsbank»

- ❖ Innbyggjarundersøking (kvart andre år)
- ❖ Gjesteundersøking (kvart tredje år)
- ❖ Fritidsbustadundersøking (kvart fjerde år)
- ❖ Talgrunnlag for privat formidling av overnatting (nullpunktsanalyse 2023)

9.2.3. *Teknologiprojekt på destinasjon- og leverandørnivå*

Digital desentralisering og sikra digital kontroll på destinasjonen: Voss må sjølv sikra digital kontroll på sal og kundedata, slik at bygda og dei lokale næringsaktørane ikkje vert overkøyrd av ein tredjepart.

9.2.4 *Testa ut lokal turistskatt*

Voss ynskjer å testa ut ei ordning med lokal turistskatt, så snart det vert mogleg. Dette skal finansiera nødvendig infrastruktur lokalt (toalett, parkeringsplassar, bosspann, informasjonsskilt, brosjyrar, rutemerking med meir). Fellesgodefinansiering av infrastruktur er utfordrande for Voss, og ein slik test må skje i samspel med ny strategi for besøksforvaltning som skal utarbeidast.

9.2.5 *Bilfri base på Voss*

Folk skal kunna reisa til Voss og lett ta seg fram under opphaldet utan bil. Dette krev ei satsing på nye transportløyningar lokalt, men også ei betre synleggjering av det eksisterande tilbodet. Dette vil også komma lokalbefolkninga til gode.

9.2.6 *Hytteutbygging i framtida*

Voss er ein kommune med 3500 fritidsbustader, og mange nye er planlagt utbygde dei neste åra. Kan me få til ei utbygging av fleire hytter, og samstundes nå måla i Vossaklima om 69% reduksjon i lokale klimagassutslepp innan 2030? Kan me bygga fleire hytter og samstundes ta vare på naturmangfaldet i tråd med naturavtalen og vår eigen naturmangfaldsplan? Reiselivsrådet ynskjer å rigga eit stort fellesprosjekt med dei største utbyggjarane på Voss. Dette vil involvera Voss herad for å finna løysingar på korleis ein kan bygga hytter og fritidsbustader som er meir skånsame for naturen og meir klimavenlege.

9.2.7 *Senter for naturvenleg ferdsel*

Me vil oppretta eit senter for naturvenleg ferdsel som ein del av innsatsen for å betra besøksforvaltninga i regionen. Dette skal skje i samarbeid med verneområdeforvaltninga, Nærøyfjorden verdsarvpark og andre relevante aktørar. Senteret vil ha både turistar og besøkande som målgruppe, men også eigne innbyggjarar og til dømes skule- og barnehagegrupper.



10. Oppfølging

Visit Voss er det operative leddet og utarbeider årlege handlingsplanar og årshjul med utgangspunkt i strategien. Planane er klare frå januar 2023. Konkrete tiltak som skal realiserast i Voss herad sin regi vil verta innarbeidde i økonomiplanen og budsjettarbeidet. Sjå også punkt 1.3.: Voss – eit grønt og berekraftig reisemål i «SNU Voss».



Foto: Hangurshusko - Jon Hunnalvatn Tøn, Hunnalvatn Media

Foto på framsida:

Ingebjørgnuten: Lars Korvald

Stalheimsfossen: Karoline Fosse

Myrkdalen: Sverre F. Hjørnevik




Vedlegg

Marknadsmiks

Voss skal ha: Betalingsvillige, etisk bevisste, frekvente og returnerande gjester, primært frå Europa

Kundane skal: Bli lenger, leggja att verdiar, koma attende, jakta på ekte og autentiske opplevingar



Ekstremспорт-bygda Voss (få)

For trendsetterane og spesialistane

Skapar merksemd

Voss bygda for sterke opplevingar (nokre)

For entusiastane

Ekstremспорт gjort tilgjengeleg for entusiastane som ynskjer å prøva rafting, vindtunnel, sykkel tandem mm Vossa Jazz, Osafestivalen

Skibygda Voss (mange)

For dei mange skiglade

Totalbygda for vinteropplevingar: tre unike skianlegg (Voss Resort, Myrkdalen, Herresåsen), familievenleg, perfekte preparerte løyper, park, kveldskøyring, pudder. Gode komplimentere produkt; topptur, langrenn, trugeturar, hovudlykt tur, soloppgangstur, vindtunnel..

Kulturbygda Voss (alle)

For alle som kjem til Voss

Mat- og drikkeopplevingar, arrangement, folkemusikk, smalahove, Vossa-øl, lokal kultur- og historie

Norsk marknad

- ❖ Trendsetjarar, spesialistar, entusiastar, dei skiglade, kulturinteresserte
- ❖ Aktive familiar med born (5+)
- ❖ Aktive vaksne, par og vener (utan born på reise)
- ❖ Bedriftsmarknad (MICE)
- ❖ Pensjonistar
- ❖ Deltidsinnbyggjarar (eigarar av fritidsbustadar i Voss herad)
- ❖ Studentar og ungdomar i regionen

Utanlandsk marknad Europa

- ❖ Særleg fokus på desse landa: Nederland, Danmark, Tyskland, England, Sverige, Frankrike, Spania
- ❖ Trendsetjarar, spesialistar, entusiastar, dei skiglade, kulturinteresserte
- ❖ Aktive vaksne, par og vener (utan born på reise)
- ❖ Aktive familiar med born (5+)
- ❖ Bedriftsmarknad (MICE, særleg Incentive)